



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 3

MARS 1980

30. årgang

## Palmesøndag

*Kongen kjem, han vil deg gjesta,  
møt han med ditt hyllingsrop.  
Hjarta, som i naud vil bresta  
stig med frygd or folkehøp.  
Her kjem kongen som kan frelsa,  
gjeva trøyst og sjelehelsa.*

*Sjå han kjem som stille lider  
midt i verdens travle jag.  
Kjem til alle folk og tider,  
ropar ut ein gjestingsdag.  
Møt han, møt han, legg ditt klede  
for hans fot med audmjuk glede!*

*Sjå hans veg til krossens våde,  
tolsam går han dit for deg.  
Himlen jublar: No er nåde  
for kvar sjel på syndarveg.  
La no stiga hyllingstonar  
lydt mot han som synda sonar.*

*Kongen kjem — lyft sigersmerke,  
unge slekt, i von og tru.  
Han gjer veike viljer sterke,  
han gjev fred — for krig og gru.  
Høyr han, høyr han, verd som lider  
og i angest tungt deg vridar!*

*Kongen kjem, ja la oss hylla  
han og audmjukt bøygja kne.  
Han det tome kar kan fylla  
med sin dyrekjøpte fred.  
Under Jesu frelsarhender  
sigersbodet ut vi sender.*

*Kongen kjem, la ropet hjalla  
gledesfylt utover jord.  
Alle lekkjer no må falla.  
Himmelkongen er vår bror.  
No er fridomsdagen runnen.  
Høyr det folk: Din siger vunnen.*

Arne Frisvold

## Den siste kvelden

Det er ikke alltid lett å skulle ta avskjed med kjære venner, slike stunder husker en gjerne i detaljer.

Johannes husket også godt siste kvelden Jesus var sammen med disiplene. De var samlet på en sal de hadde lånt for å ete påskelammet. Hvert år hadde de gjort det sammen, det hørte med i den jødiske gudstjeneste. Det minte dem om Guds store gjerninger mot sitt folk, da han med sin makt førte dem ut av trelldommen i Egypt. Vi møter forresten mange steder i Bibelen den hendelsen omtalt, som et bevis på Guds makt og hans trofasthet mot Israel.

Jesus og hans disipler hadde sikkert hatt mange fine kvelder sammen, der han underviste fra skriften og talte om Guds rike. De var vant til å komme med spørsmål og få svar på. Det forstår vi at de gjorde denne kvelden også.

Men dette var den siste kvelden de var sammen, og det ser ikke ut som om de forstod det. De skjønte ikke hvorfor Jesus sendte Judas ut i natten, men trodde han skulle gjøre innkjøp til høgtida, eller gi til de fattige, ettersom han var kasserer for dem.

Det var hardt for Jesus å sende Judas avsted til den gjerning han skulle utføre. Og når han møtte ham i Getsemanehagen senere på natten sammen med yppersteprestens tjenere sier han: «Venn hvorfor er du her», så var det for å gi ham en siste sjanse til å be om tilgivelse. Men selv den kjær-

lighet som gikk i døden for syndere står maktesløs over for den som ikke vil ta imot nåden.

Kjærighet og omsorg er det som strømmer imot oss gjennom alle kap. som handler om denne siste kvelden. Joh. skriver da også i begynnelsen av kap. 13 som er det første av de 5. Det 13., 14., 15., 16., og 17.

— Han elsket sine egne som var i verden helt til det siste. — For enda om Jesus visste hva som ventet ham det neste døgnet, var det ikke seg selv han var opptatt med, men sine venner. Ja, alt ånder av kjærlig omsorg for dem. Han kjente dem ut og inn. Han kjente Peter, kjekkasen, og prøvde å advare ham mot å bruke sterke ord. Han visste når det mest gjaldt ville de sovne, og at de kom til å fly sin veg alle sammen. Alene skulle han kjempe.


Det var så mye han måtte si dem. Disse elleve unge menn som skulle forsette å utbre Jesu lære. Elsk hverandre, Bli i meg. Vær ikke redde. Be i mitt navn. Han gav dem løfte om Hellig-Ånden. Han forberedte dem på vanskeligheter. De skulle møte motstand. Har de forfulgt meg, vil de også forfølge dere.

Men gjennom alt de skulle møte, skulle de få eie **Freden som han gav dem.**

Jesus var alene med sine nærmeste venner den kvelden og de kom hverandre nær på en spesiell måte, det var jo under måltidet han innstifta nattverden. Så kan

Forts. s. 2

## SLEKTERS GANG



## Døpte

## ORKDAL:

27.01. Roger Oddebug (d. i Hemne k.)

24.02. Jan Erlend Andersen

Lene Haukli

02.03. Terje Fagerholt

Egil Reberg

## ORKANGER:

09.03. Camilla Hukkelås

09.03. Maria Therese Martinsen



## Vigde

## ORKANGER:

23.02. Hallgeir Opphaug og

Synnøve Skjelberg

29.02. Ingebrigt Kulbotten og

Randi Øien

01.03. Rolf Martinsen og

Marit Asbjørnslett



## Døde

## ORKDAL:

23.02. Inga Almli f. 1907

Eli Sletvold f. 1887

## ORKANGER:

12.02. Johanna Amalie Kristiansen  
f. 1893

12.02. Anna Kristine Sætre f. 1929

18.02. Robert Vangen f. 1942

28.02. Johannes Lund f. 1898

27.02. Peder Olaus Kolvik f. 1899

05.03. Johanna Haugen f. 1890

## GARDTALES I ORKDAL

Dei som vil tinge bokverket til gammelpris må gjere dette i denne månaden. Frå 1. april vert prisen kr. 200,—. Ein vender seg til Knut Liøkelsøy, tlf. 074 84153, postadresse 7330 Svorkmo.

## Orkdal menighet

## Bibeltimer

27.3. Bibeltime på Gjelme v. Rogstad.

17.4. Bibeltime på Megården bedehus v. Bonsaksen.

## Gudstjeneste på Fjellkirketomta

Skjærtorsdag kl. 12.00 vil det bli gudstjeneste på tomta til Fjellkirka. Vi håper på godt vær og stort oppmøte.

## Teen-treff

Vi vil minne om teetreffet på Megården bedehus onsdag 9.4. kl. 18.00. Det blir film m.m.

## Speidertur

Evjen-speiderne drar 11.4. på tur til kapellet på Nerskogen.

## Eldretreff

16.4. blir det eldretreff på Evjen. Vanlig program.

## St. Georgsdag

Speiderne samles til gudstjeneste i Moe kirke kl. 11.00. En håper at foreldrene vil være med å kjøre.

Orkladalen felleforening  
av Indremisjonen

har sitt kvartalsmøte i Eggkleiva bedehus søndag 27.4. kl. 16. Sokneprest Grønning taler.

## Orkanger menighet

## Barnarbeidet

Barneforeningen Blomsterbarna og Onsdagsskolen samles i presteboligen på onsdager kl. 17.00. Har du lyst til å komme? Du er hjertelig velkommen.

## Ungdomsarbeidet

Tenkveld i Orkanger bedehus torsdag 17.4. kl. 19.00.

## Konfirmantforeldrene

er hjertelig velkommen til møte i Askeladdens kjellerstue tirsdag 15.4. kl. 19.30. Spørsmål som gjelder samtalegudstjenesten og konfirmasjonsdagen tas opp. Som vanlig blir det en liten bevertning.

## Hele menigheten synger

i Orkanger kirke søndag 20.4. kl. 17.00. Fredly musikklag og menighetens egne krefter blir med. Andakt ved Audun Berg Sletthjell.

## ORKANGER INDREMISJON

## Møteuke

i Orkanger kirke 25.3. - 30.3. Det blir møte hver kveld kl. 20.00 unntatt lørdag. Palmesøndag 30.3. avsluttes møteuka med gudstjeneste i Orkanger kirke kl. 18.00 der Bernt Sveås og Audun Sletthjell blir med.

Sangkraftene på møtene blir:

tirsdag - Orkdal ungdomskor

onsdag - Orkanger Musikklag

torsdag - Liv Alfer

fredag - Rennebu Musikklag

søndag

## Bibeltimer

hos Agnes og Jens Singstad torsdag 10.4. kl. 20.00. Kaare Rogstad vil tale om Boten.

## Vårfest

i Orkanger eldre kvinneforening av NMS 27.4. kl. 18.00 i Orkanger bedehus.

Talarar: Marius Hojemsauve og Ottar Hyldmo. Orkdal ungdomskor syng.

## Den siste kvelden - -

(Forts. fra s. 1).

også vi idag gjennom brødet og vinen ta imot Jesus legeme og blod, til syndenes forlatelse og samfunn med han.

Så ber Jesus til Far i himmelen. Før kunne ingen si Far til Gud. Også nå er det bare den som tror på Jesus Kristus som Guds sønn og tar imot han som sin frelser som har den retten. Joh. 1. 12.

Og når Jesus ber, er det en fortløpig samtale mellom ham og Far. Joh. 17. Han ber ikke bare for seg selv og disiplene, men også du og jeg var tatt med i den bønne. Alle mennesker som gjennom tidene kommer til å tro på ham. Og er det verdifullt å ha et menneske som ber for en, — hva betyr det så ikke at Jesus er for oss!

Og da de hadde sunget Lovsangen (Salme 113 - 118) gikk de ut til Oljeberget.

Når eg med Jesus nattverd hell  
Eg minnast må den store kveld.

Då han med sine vener sat,

og vigde inn den himmelmat.

(Blis)

Agnes Loe Dalen

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo  
7330 Svorkmo.

«Til minne  
om meg»

Johs. 6, 52 - 65.

Inkarnasjonen, dette at Ånd vert kjøtt, er vanskeleg å skjønna. Ja, kan ikkje sjønast i det heile for mennesket. Kjøtt og Ånd, Meneske og Gud, Tid og Æve, - mellom desse gjeld eit anten — eller — tykkjst det for oss. Kløfta imellom er uoverstigeleg og djup. Dei kan ikkje sameinast.

Så var det ikkje å undrast at mange av læresveinane murra då Jesus tala om nattverden — at dei skulle eta kjøttet hans og drikkka blodet hans. «Dette er strie ord, Kven kan lyda på Han», sa dei. Vi born av det tjugande hundreåret står og utan tvil framfor det vanskelegaste punkt i trua, dette. Det ser vi mellom anna av den ting at mange kyrkjegjengarar ikkje går til altars. Meisterens ord: «Gjer dette til minne om meg», vert for mykje. Læresveinar vil mange vera, men dette vert for hard disiplin.

Jesus var nok sjølv merksam på at dette kunne verta ei vanske. Det ser vi av det han seier lenger nede i teksten: «Støyt de dykk på dette? Enn når de no får sjå Menneskesonen fara opp dit han var før? Det er Ånden som gjev liv. Kjøttet gjer ikkje noke gagn.

## Orkland menighet

## Speidergudstjeneste

20.4. kl. 11.00 samles alle speidere i hele Orkdal til speidergudstjeneste i Moe kirke i forbindelse med St. Georgsdagen. Kirkebrus og film på misjons-huset.

## Bibeltimer

Onsdag 2. april kl. 20.00 på Svorkmo Misjonshus v. kallskap. Sletthjell. Tema: Det ondes problem og den frie vilje.

## Misjonsfest

Skjærtorsdag kl. 19.30 på Svorkmo Misjonshus. Misjonær Asbjørn Hoås og Aasen vert talarar.

## Speiderårsmøtet

er forandra til torsdag 10. april kl. 20.00 på Svorkmo Misjonshus. Alle speidarforeldre bør møte. Orientering frå gruppene. Servering.

## Ten-kveld

Fredag 11. april kl. 19.30 på Svorkmo Misjonshus. Filmen: «Stemmen fra dypet». Spill. Skyting og kjøp av forfriskninger.

## Speidergudstjeneste med kirkebrus

Søndag 20. april kl. 11.00 i Moe kirke samles speiderne fra hele dalen. Film blir vist på kirkebrusen og annet program.

## Vår-heim-kveld

Fredag 25. april kl. 20.00  
på Svorkmo Samfunnshus

Vi får besøk av spesialist i barne- og ungdomspsykiatri, overlege i Oslo Helseråd, Willey Olsson. Kunstnerisk innslag ved Egil Storbekken med sine mange instrument. Sang av Liv Alfer. Andakt. Bevertning og utlodning. Alle er velkomne. Heimen angår oss alle.

## I.U.F.

Onsdag 30. april. Møte i presteboligen, Svorkmo.

## Røddelaget

Mandag 14. april. Møte hos Einar Sandvik.

## Misjonsmøte

Mandag 28. april. Møte hos Jens Indergård.

## Eldretreff

Torsdag 17. april kl. 11.00 på Svorkmo Misjonshus. Vi får besøk av sokneprest Olsen som vil holde andakt. Anders P. Kvaale vil deklamere. Sang.

OPPFOTOGRAFERING  
AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.  
Vi hjelper Dem med dette.

## Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter  
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen  
finner De hos

## Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

## Guds teneste i liding

Du som les dette er kanskje kjend med liding, og har røynt noko av det som er skreve i Salm. 73. Han fortel oss at det i ei tid av hans liv var det vanskeleg dette at han lei plaga, men det såg ut for at den ugudelege var fri alt som tyngde. No vil vi stogge litt framfor det som i bibelen er skreve om liding. I Rom. 9 - 2 står det skreve: Eg har alltid ei stor sorg og naud i mitt hjarte. Årsak til dette var at folket hans levde uten samfunn med Gud. I Fil. 3 - 10 bed Paulus om at han må få del i Kristi liding. I Rom. 8 - 17 er sagt frå om. Vi er Kristi medarvingar, så framti vi lid med han, då skal vi bli herleggjorde. I Fil 1 - 29 står det skreve: For de fekk den nåde ikkje berre å tru på Kristus, men og lida for han. Jakob skriv i kap. 5 - 10: Når det gjeld liding og tålmod må de ta profetane som føredøme. Dei som soleis gjer teneste med liding opplever ikkje berre liding. For stor glede har dei i lidinga. Kol. 1 - 24. Når ein er i liding, så har det lett for å bli slik at ein med otte og gru ser inn i ei mørk framtid. Men får ein sjå tilhøva som dei er, så vil ein sjå at Gud har sendt oss lidinga, for i lidinga skal vi

få gjere Guds teneste. Ja visst er det så sant som det er tenkt. Eg skjønar ikkje at eg i liding kan tene Gud. Men at det er så har Gud tydeleg sagt frå om i sitt ord. Ser vi dette, så vil det bli for oss som vi les i Es. 63 - 9. Midt i deira trengsla var det ingi trengsla, for hans åsyns engel frelste dei.

Det var dette ho Olga hadde opplevd. Ho var 40 år. I desse åra hadde leddgikt herja slik med ho at ho måtte stellast som eit lite barn. Men dag, og ofte natt var ho oppteki med dette å be. Ho kunne ikkje folde hendene. Men varm og inderleg steig takkebøna opp til Gud. Så får du ha takk Gud for di du har laga det så godt for meg. Med denne bøn gjorde ho teneste for Gud.

Det er mange år sia eg høyrde Olga be. Men i alle år er det framleis ei sterk minning om at eg må gå inn i bønatenesta, og vere takksam. Er di guds teneste i liding, så må du finne fram til 1. Pet. brev 4 - 13.

Ver glade di meir de får del i Kristi lidingar.

L. B. Aasen

### Indremisjonens påskeleirer

Trøndelag Indremisjon arr. følgede leirer for barn og ungdom:

1. Fredly, Børsa,

29. mars - 1. april  
9 - 12 år.

2. Bakketun, Verdal,

29. mars - 1. april  
10 - 13 år.

3. IMI Stølen, Oppdal,

29. mars - 2. april  
7. - 9. skoleklasse

4. IMI Stølen, Oppdal,

2. - 7. april  
Over 15 år.

5. Bergslø, Vuku,

29. mars - 1. april  
7. - 9. skoleklasse.

6. Nerskogen,

2. - 7. april  
Over 18 år.

7. Skarheim, Resdalen

2. - 7. april

Over 18 år.

EVANGELISERINGSLEIR

Program og nærmere opplysninger fås på kretskontoret.

Trøndelag Indremisjonskrets

Prinsens gt. 22b

7000 Trondheim

tlf. (075) 22 131, 25 209.

### Geitastrand menighet

minner om denne kalender:

28.3. Barnetreff på Kjøra

11.4. Barnemøte på Ofstad

16.4. Koralkveld i Geitastrand kyrkje.

Det blir sang av Orkland Mannskor.

18.4. Barnetreff på Kjøra.

20.4. Gudsteneste med eldres kyrkje-

dag i kyrkja. Festsamvær i Ofstad

### SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.

EI KIRKESAK FOR ALLE

I ORKDAL.

### Søvasskjølen Fjellkyrkje

Frå årsmeldinga for 1979 vedr. Fjellkyrkja kan vi henta desse opplysningar: Elkraftlinje er ført fra til tomta. Utkjøring av stolpar, isolatorer og traverser er stort sett utført på dugnad. Det same med steinen som ble båret til stolpefestene. Største enkeltsak var framføring av vgen til kyrkje-tomta. Det er inngått avtale med «Foss-sæter beitelag» om felles bruk av vegen frå fylkesveg 71 og opp til krysset. Fjellkyrkja har betalt 23 000 kroner for å koma med i sambruket av vegen. Frå krysset og vidare opp til tomta er vegen opparbeid og bru bygd over Bjørkøybekken. Eit lag soldatar frå DK-Trøndelag ingeniørvåpen (10 mann og 2 bulldosere) arbeide i ei veke og bygde bruforskaling og tok ut gropa til bygget. Grusing av vegen vart stort sett gjort ved dugnad, ein del ved leigde lastebilar og noko ved bilar og traktorar på dugnad. Elevar ved Fredly folkehøgskole ilag med lærarane sine var med under støypinga av brua og desse var det også som reiv forskalingane. Det kan elles nemnast at det vart innsamla ca. 100 000 kroner i 1980. Vi får vera glade over den overordentleg store dugnadsinnsatsen som er gjort og slå fast at vi er komne nokså mykje nærare realisering av prosjektet.

K. R.

### Påskeandakt på Fjellkirketomta

Skjærtorsdag kl. 12.00 vert det påskeandakt på Fjellkirketomta på Søvasskjølen. Det vil bli satt opp plakatar og vegvisarar fleire stadar på Kjølén. Dessutan vil vi tilby gratis varm buljong etter påskeandakten. Og så vil alle få høve til å gi ei gáve til Fjellkyrkja.

B. Aasen

bedehus etter gudstenesten. Da må du som er i beste år og bilhaldar — syte for at foreldre og naboar kjem avgarde.

23.4. Tentreff på Gjølme.



Du skal gå i kyrkje, fordi Jesus gikk i kirke. Det var hans skikk å gå i synagogen — jødene «Kirke» — når jødene hadde hviledag.

Fra han var gutt gikk han dit og

hørte med andakt de hellige tekster bli lest opp og forklart.

Som voksen beholdt han denne skikk.

Det burde ikke være vanskelig for oss å dra den enkle slutning at når Jesus som var langt mer i kontakt med Gud enn vi, hadde den skikk, hvor meget mer behøver vi den da ikke.

Det er ikke bare en gammel kristen skikk å besøke Herrens hus om søndagen. Det er en Kristusskikk.

Det er en velsignelse å hente i søndagsgudstjenesten.

Jeg tror jeg vet hvorfor.

Det er fordi Jesus ennå har den skikk å komme i helligdommen.

Olfert Ricard

## Kjære foreldre!

Det verdifulle i eit positivt og trygt fritidsmiljø for barn kan ikkje understrekest sterkt nok. Venene til barna påverkar dei sterkt, og som foreldre ynskjer vi at barna får gode kameratar.

Tilboda om fritidsaktivitet er einskilde stadar stort — og ein står i ein valsituasjon. Speiding har i 60 - 70 år gjeve jenter og gutar rike opplevingar og har ofte vore avgjerande for framtida deira.

Speiding er eit tilbod også i dag. — Program og aktivitet er tilpassa vår tid. Men spaninga og speidarglede er den same som før.

Norges KFUK-Speidere og Norges KFUM-Speidere samarbeider på forbundsplan og mange stader på lokalt plan. Samarbeidet er regulert gjennom avtaler mellom forbunda. Men vi har adskilte patruljar og troppar. Vi har tru på eit reint gute- og jentearbeid på troppsplan.

Speidartroppa blir leia av vaksne menneske, som brukar av fritida si for å gje barna dine eit tilbod. Forbunda har ein klar kristen målsetjing som er med på å prege arbeidet på alle plan.

## Speiding er:

SPEIDING ER:

— alle veit at speiding er friluftsliv, tur- og leirliv.

— overnatting under open himmel sommar og vinter, orientering, sporing, natursti. . .

MEN SPEIDING ER MEIR:


— lære å klare seg sjølv og kjenne ansvar for andre,  
— bruke hendene til ymse aktivitetar,  
— vere med i eit godt kameratskap — her heime og over landegrensene.

SPEIDING ER OG:

— lov og løfte,  
eit kristent grunnlag å byggje livet sitt på.

SPEIDING

— skal hjelpe den einskilde til å utvikle seg til eit modent, ansvarsmedvete menneske som kan fylle sin plass i samfunnet.



Fannremsspeidarar på Landsleir i Verdal.

Frå venstre: Troppsleiar Tore Dahlen,

Kristian Dahlen, Olav Eldevik.



## Takk for radiogudstenesten!

Det var «tyleg» å få vera med i Orkdal kyrkje via radiogudstenesta 17. febr. «Tyleg» er Øyer-ord for godt — triveleg. Vi plar vera i Gjøvik kyrkje kvar søndag, men denne gongen fall vi for freistinga til å «nøye» oss med radio-gudstenesta, sidan den kom frå mi ungdoms kyrkje, der eg sjølv gjorde mine første vaklande steg opp til altar og preikestol — for snart 49 år sidan. Då var Englökk kyrkjetenar, A. Fagerholt og P. Sommervold medhjelparar, Ingv. Forfang organist. Karl Bratli var klokkar, og far Brage Høyem var prost og sokneprest. Kyrkje-klokkene var mine heimlandstonar, og organisten gjorde ikkje skam på sin store forgjengar, Ingv. Forfang. Så flink de var til å syngje, kjære orkdalingar! Det høyrdest ut som kyrkja var fullsett, det vermd eijn gamal prest heilt inn i hjarterota.

Heidningesamfunnet har no sine folk ute for å telje kor mange, eller rettare sagt kor få det er i kyrkjene, og så spottar dei: Sjå kor få det er som bryr seg om kyrkje og kristendom! Det kan vera til ettertanke for mange som ikkje vil kyrkje og kristendom til livs, men som let deira eigen tome plass i kyrkja bli tjl glede for kristendomen sine fiendar. Det er dessverre også mange kristne som idag får ein

til å tenkje på Jesu ord: For dykkar skuld vert Guds namn spotta mellom heidningane. Det står at Gud kan vende det vonde til det gode. Vi får tru at heidningesamfunnet sin spott kan føre til at mange sløve kristne vaknar og kjenner sitt ansvar for kyrkja.

Og så mykje lettare det vilje verta å vera prest når folket slutta opp om gudstenestene!

Det var derfor godt å høyre den fulltonande salmesongen frå Orkdal kyrkje. Det vitnar om at orkdalingane ikkje let kyrkjevegen gro att!

Eg må få takke presten for ei fin og god preike, for gode bibelske tankar, for den varmen som strøymde utfrå orda. For det er kaldt i verda i dag, i statspolitikken, i samlivet mellom oss i samfunnet vårt. Det er krav på krav for eins eige beste, og lite solidaritet med dei som har det vondt i verda. Også innanfor kyrkja er det ofte kalde vindar som bles. Kalde skuldrar, kald fordøming av dei som strevar og har tungt å bera på grunn av tvil og tankevanskar. Kulde, fordøming hjelper ingen, men Kristi kjærleik gir liv.

Helsing og takk frå  
Gustav K. Høyem

## Veien til verdens ende!

Soria-Moria-slottet skal i følge våre gamle eventyr ligge: Østafor sol og vestafor måne! Et voksent menneske kan ikke ta slike steds avgivelser alvorlig, blir det påstått. Men så kommer Albert Einstein med sin relativitets-teori og påstår for ramme alvor: Øst-Vest møtes i uendeligheten. Og dermed nærmer vi oss trosposisjonen. En dag er i Herrens øyne som tusen år — og tusen år som en dag! 2. Pet. 3, 8. Veien til verdens ende er altså like reelle og virkelige som en av våre dager når den går mot sin ende.

Det var en gang — og mange ganger — en liten speider, riktig en stram, liten tinnsoldat. Han

var så sprek at han nok mente han skulle greie ferden til verdens ende. Dit hadde han forresten ærend også; for der: Bortenfor alle blåner, lå der et slott, var det ham fortalt, som han glimtevis kunne skjelve når luften var riktig klar og blå. I dette slottet bodde en kongssønn som enda var sjefen over alle speidersjefer. Og hvilken speider ville ikke til kongeborgen for å delta i Kongesønnens store parade!

Den vesle speideren la så tappert i vei i nystrøken drakt og med stav over skulderen, og på staven var risset inn speiderlovens ti paragrafer. Han sang så muntert eller plystret takten mens han gikk.

Mange år er gått hen, ja, for gutten ble til mann. Men ennå er han på veien til verdens ende. Speiderdrakten hans er heller loslitt, og av staven hans er mest bare stumpene igjen. For det som den unge speideren ikke kunne se eller høre eller vite noe om, da han trøstig satte i vei, var alle de dype dalene han måtte over for å komme til nærmeste topp. Fra starten av lå jo toppene der i rekke og rad flombelyst av sol. Men i de steile og mørke dalsidene gikk snøras om vinteren og steinsprang om sommeren, og i dalbunnen lå lumske drag med søkk-myr. Her skulle det så lite til for å trå feil. Men hva kommer det av at den lille speider, nå som voksen mann, ikke helt fortviler over at målet fremdeles er langt borte? Jo, i enkelte stille, nattetimer kan han høre ljomen av et signal, det velkjente og kjære: Vær beredt og husk at speider du er! Det signalet forteller at sjefen for alle speidere fremdeles kaller inn til Den Store Parade. Og når han selv som vandringsmann, langt, langt fra målet, kan høre apellen, da må forklaringen være: Den Store Sjef må selv være på vandring for å lete opp alle trette vandrere som ikke vet å finne frem ved egen hjelp.

Er så dette du nå har lest, et eventyr, bare et eventyr, i likhet med våre gamle sådanne?

Nei, Veien Til Verdens Ende er mere enn et eventyr: for speideren — hvem er han? Mon tro om han ikke er å finne i sjeledypet hos de fleste av oss?

Tviler du om Gud er god, så spør sol, måne og stjernene om det. Spør alt du ser, hører, lukter og smaker. Spør hver dag du har levet, og du vil bli minnet om Guds utallige velgjerninger.

Skam deg når du slik overser den sol som hver dag preker for deg om Guds Godhet og om Hans Storhet. Det samme gjør hver liten blomst, ethvert blad, ethvert lite såkorn. Skam deg fordi du av naturen ikke har lært å være mere takknemlig og vise din takknemlighet mot Gud i gjerning.

(Spr. Severin Henrik Ræder  
Riiber i Menighetsblad for  
Selbu og Tydal)

## 3. Per Asphjell fortel frå krigstida

Frå no av vart me som hadde fått straffa tilmålt, sendt på utarbeid kvar dag. I ein skoghaug tett bortom fengslet skulle det lagas ein bunker. Det var alt grave eit djupt hol ned i grunnen. I botnen av dette holet var det støypt eijn stor, innhol sementblokk. Veggene var truleg halvmeteren tjukke. Den var delt i tri smale rom med tri dører side om side ut mot ein gang som me skulle mure opp.

Over betongblokka vart det velta eit skikkeleg lag med gråstein som vart jamna til med grus og «subbus». Oppå det heile vart det fylt jord, og så skulle det plantas til med tilvaksne furutre. I kvart rommet var det ein liten omn, og langs eine veggen var det ein brei benk. Desse sellene skulle nok vera tilfluktsrom for eijt fåtal av offiserane i leiren, dersom det kom eit åtak. Det vart sikkert ikkje bruk for dette anlegget, og eg reknar med at det ligg like uskadd den dag i dag under jorda.

Me vart ikkje drive så hardt i arbeidet, og det gjekk ikkje fort. Det var jamnast berre ein kar med hest som kjørte stein frå eit brot eit stykke undan. Kjørekareren var ein ung småbrukar frå bygda. Han og fjordingen hans møtte opp kvar morgon og rugga trufast i steinvegen heile dagen. Eit fåfengt arbeid, som eg ikkje hadde teke på meg for stor betaling hadde eg rådd meg sjølv. Var dagen kald, og me hadde ein rimeleg vaktmann, kunne me få krypa inn i bunkeren og verme oss ei stund gong og annan.

VENTETID.

Me arbeidde kvar dag på bunkeren. Eg var glad eg hadde kledd meg godt, da eg for heimanfrå. Det var heller kaldt på Dombås i februar. Skinntrøya var god å ha.

### Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag anledninger. Kistepynt utføres.

Ei tid var og nokre russarar med på arbeidslaget. Eg minnes eg kom i god kontakt med ein av dei. Språkvanskane kan bli reint uoverkommelege i slike høve. Men det er underleg korleis ein kan skjønna kvarandre, når ein får øving. Med litt norsk, litt tysk og alle slag faktar kan ein, på merkeleg vis, få til eit slag samtale. Eg hugsar ikkje lenger på kva måte denne karen hadde kome til Dombås. Det eg minnes, er at han hadde kone og born i Russland. Eg hugsar han skrytte av at han jamvel var far til tvillingar. Han tenkte mykje på sine, men stakkar, kor langt han var heimanfrå. Slik vart eg gong på gong minnt om at det var andre som hadde det verre enn eg. Eg var da enno millom mine eigne landsmenn og på heimlands grunn. Sjølv sagt låg det ein otte og gnog i sinnet. Ei uvisse om kva som ville koma til å hende i det tidsrommet på over eitt år som domen lydde på. Likevel, slike opplevingar vart til stor hjelp mot syt og sjølvmedkjensle. Røynsler som desse førte på ein måte med seg ei slag tilvenjing, noko som var med og gav mot og styrke, når den tid kom at eg og måtte fara i utlegd.

Tida gjekk ikkje så verst seint. Det var ei trøyst å vite at ein no hadde teke til å sone av straffa. Fekk ein berre ha det såpass som her, gjekk det da vel for seg å slite seg gjennom femten månader. Maten greidde seg, så svolten var ingen plage. Det var ofte litt kjøtt i middagsmaten. Ein rett eg hugsar var ein slags lapskaus med makaronibitar og kjøttrestar i ein feitaktig sos. Attåt den vesle brødrasjonen fekk me jamnast noko bleik kakao eller te. Til kvelds hendte det me fekk «rødvinstoddy». Me kalla drikken det, for det var faktisk varmt sukkervatn med litt vin i. Det smaka godt og vermd i bringa. Det hørte vel med til god soldatkost.

Det likaste på Dombås var at me fekk taka imot besøk heimanfrå eit par gonger. Ein gong kom kona mi og søster mi, Borghild. Da var Knut Berge med og såg om broren, Jon. Ein annan gong kom kona mi saman med bror min. Ved slike høve fekk me taka imot småting som såpe, tannpuss eller litt mat. Desse møta vart

berre så alt for stutte. Eit ørlite samvær på kanskje ein halv time, og vakt oppover heile rida. Men det var noko ein kunne leve lenge på.

Av samtalar eg hadde med dei tyske vaktene, som gjekk med oss heile tida, skjønna eg at dei ikkje trudde me vart verande på denne staden så lenge. Dette var eit gjennomgangsfengsel, først og fremst for soldatar som hadde forgjort seg. Eg trur det var fleire av slike, enn av norske fangar der. Eg hugsar ein som vart sett inn på sella rett over for vår ein kveld. Det var ein ung, pen kar med høgare offiserang. Det kunne eg sjå av uniforma. Han var svært ålvårleg og tungsint. Ein offiserskammerat heldt til inne hos han og freista trøste, men det hjelpte lite. Dette kunne eg finna ut, når dei gjekk i døra. Det såg ut for dei var redd han skulle skade seg på eitkvart vis. Kanhende var dette og ein staut, vonfull ungdom som fekk framtida si ødelagt av krigen. Kven veit om han overlevde.

Somme av dei soldatane eg snakka med, sa beint ut dei meinte me vart sendt til Tyskland. Slikt var ikkje serleg lysteleg å høre. Ein av dei, som ville blåse litt optimisme i meg, meinte det var ikkje så farleg for meg som var bonde. Eg vart sikkert sendt på eit gardsbruk og kunne rekne med å få det triveleg. Eg fann ikkje dette så urimeleg og beit på. Eg skulle bli onnakar på ein tysk bondegard, få arbeide ute med kjent arbeid og bli kjent med folk og forhold i landsens miljø. Det var ei fattigmannstrøst, og det vart heller ikkje noko anna.

**SØLVVÆRER**  
til  
**BARNEDÅP BRYLLUP**  
**KONFIRMASJON**  
Gullsmed

John  
**ROHME**

7300 Orkanger

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## 30.3. Palmesøndag

Orkdal kyrkje kl. 11. Høgmesse ved res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Orkanger kirke kl. 11. Høgmesse ved kalls. kap. Slettahjell og emissær Bernt Sveås. Nattverd. Offer til Trøndelag Indremisjonskrets.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp. Buss frå Råbygda.

## 3.4. Skjærtorsdag

Moe k. kl. 11. Høgmesse ved misjonær Hoås og prost Rogstad. Nattverd. Offer til Misjonssambandet.

Orkdal aldersheim kl. 11. Gudst.møte ved res. kap. Slettahjell. Nattverd.

Tomta for Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 12. Påskeandakt ved res. kap. Aasen. Kollekt til kyrkja.

## 4.4. Langfredag

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved kalls. kap. Slettahjell. Offer til Den Norske Santalmisjon.

Orkanger Aldersheim kl. 11. Gudst.møte ved prost Rogstad. Nattverd.

Stokkhaugen bedehus. Gudst.møte ved res. kap. Bertel Aasen.

## 6.4. Påskedag

Orkdal k. kl. 11. Høgtidsgudsteneste ved prost Rogstad. Offer til Trøndelag Indremisjon.

Orkanger k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved kalls. kap. Slettahjell. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Moe k. kl. 11. Høgtidsgudst. ved res. kap. Aasen. Offer til Trøndelag Indremisjon.

Geitastrand kl. 15. Høgtidsgudsteneste ved res. kap. Aasen. Offer til Santalmisjonen. Buss frå Råbygda.

## 13.4. 1. s. e. Påske

Sølberget bedehus kl. 11. Gudst.møte ved prost Rogstad.

## 20.4. 2. s. e. Påske

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved kalls. kap. Slettahjell og Trygve Bjerkrheim. Nattverd. Offer til Kristen vid.g. skole Trøndelag.

Moe k. kl. 11. St. Georgs gudst. ved res. kap. Aasen og kateket Solem. Offer til KFUM - KFUK-arbeidet i Orkdal prestegjeld.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse ved prost Rogstad. Eldres Kirkedag. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet. Buss frå Husdalen.

## Smått om mangt

### Orkdal Menighetsblad

vil frå og med dette nr. kosta kr. 210 meir for eit 8 sider's nr. Ytterlegare prisoppgang kan ventas frå hausten av. Dette er noko å ha for tanken når ein skal gjeva gåver til bladet.

### Oase '80

kalles eit stort sommarstemne i Kristiansand 9. - 13. juli d.å. Dette stemne er meint å vera til fornying, utrustning og misjon på evangelisk-luthersk grunn. Det vert eige opplegg for barn i alle aldrar — så familiens felles sommartur kan utmerket godt gå til Kristiansand desse dagar. Høve til å ligga i telt eller campingshytte. Stemneavgift kr. 100,—, for ektefeller med barn kr. 150,—. Vil du vita meir — skriv til OASE — Oddernesv. 43, 4600 Kristiansand.

### Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

### HELGA VAKT

29. - 30.3. Audun Slettahjell  
3. - 4.4. Kaare Rogstad  
5. - 6.4. Bertel Aasen  
7.4. Audun Slettahjell  
12. - 13.4. Kaare Rogstad  
19. - 20.4. Bertel Aasen

### Det Norske Misjonselskap

har følgende leirer i påska:

*Mjuklia ungdomssenter, Berkåk.*

Leir 1.:

28. mars - 1. april:

Tenåringsleir (13 - 15 år.)

Leir 2.:

2. - 5. april:

Familieleir

Leir 3.:

5. - 8. april:

Barneleir. (9 - 12 år.)

*Bakksæter gård, Orkdal.*

Leir 4.:

1. - 5. april:

Ungdomsleir (over 16 år.)

Opplysninger og innmelding:

NMS Kretskontor,

Kongensgt. 91

7000 Trondheim

Tlf. (075) 23 780

Trelast og bygnings-  
artikler på lager.  
Gunstige priser

Orkdal  
Sag & Høvleri

Tlf. 82265

### ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjømmes,  
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,  
Harald Metliås, Einar  
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-  
hild Asphjell, Dagny Korsli,  
Harald Hukkelås. Bankane. Alf-  
hild Engen.

### ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

### ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås  
Bankane.

### GEITAstrand MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren